

Sunn

Møring

Nr. 6 - 2008



Takka med Thai-lykter

s.13



**Noralv Breivik - nypensjonert
men ikkje arbeidsledig**

s. 4



**Åse hotell - set
alle klutar til før jul**

s.12



**Volda - Spennande
CT-diagnostikk av koronarkar**

s. 14

Året 2008 er snart forbi. Vi kan sjå attende på eit år som i stor grad har vore prega av ro i føretaket. Noko av det viktigaste endringsarbeidet vi har lukkast med dette året, er pasientflytprosjektet. Å ha fokus på metodikk ser vi er svært verdifullt i det kvalitetsfremjande arbeidet vårt. Artikkelen i dette nummeret i Sunnmøring viser at dette prosjektet var svært viktig å kome i gong med. Vi opplever også gode tilbakemeldingar frå tilsette der pasientflytprosjektet er sett i gong. Frå fastlegar og pasientar har vi også byrja å få positive tilbakemeldingar. Dette gjer det motiverande å fortsetje arbeidet. I starten av prosjektet vart det sett eit mål om at vi gjennom pasientflytprosjektet skulle oppnå betre kvalitet for både pasientar og personalet. Det ser ut som om vi klarer å nå desse målsettingane. Eg vil sterkt oppmode dei avdelingane som så langt ikkje har meldt inn forløp til pasientflytprosjektet om å kome på banen. Dette er motiverande arbeid!

Dette året er vi i ferd med å avslutte opptappinga av psykiatritilbodet på Sunnmøre. I april tok vi i bruk det nye bygget for alderspsykiatri med offisiell opning i oktober. Oppretting av dette tilbodet på Sunnmøre har stått på dagsorden sidan slutten på 1970-talet. Det er derfor med stor tilfredsheit vi no konstaterer at bygget er på plass og at dyktige medarbeidarar er tilsett, slik at vi også kan sikre eit høgt kvalitativt godt tilbod til denne pasientgruppa.

Frå 1. januar tek vi over siste rest av behandlingstilbod frå Helse Nordmøre og Romsdal. Forsterka rehabiliteringstilbodet startar frå denne datoen. Hausten har gått med til detaljplanlegging av innhaldet i tilbodet, tilsetjing av personell og ombygging i delar av vaksenpsykiatrisk avdeling. Rekrutteringa til dette nye tilbodet har også vore svært god. Vi registrerer at Helse Sunnmøre er ein attraktiv arbeidsplass, noko vi er stolte av!

Vi har også dette året hatt eit sterkt fokus på å kome i gong med forprosjektplanlegginga av ny barneavdeling. Klarsignal om å forsetje planarbeidet kom frå Helse Midt-Norge i vår, og vi er no inne i sluttfasen på forprosjektet. Vi har ei klar målsetting om at ny barneavdeling skal stå ferdig ved årsslutt 2010, med byggjeart hausten 2009. Dette er ein milepæl for barnetilbodet ikkje berre på Sunnmøre, men for heile Møre og Romsdal!

Vi står overfor nye utfordringar i det nye året. Sterkt fokus på samhandling med primærhelsetenesta vil stå høgt på dagsorden. Eg ønskjer med dette å takke alle medarbeidarar i Helse Sunnmøre for den store innsatsen som de har gjort for pasientane våre også dette året! Ei riktig god jul og godt nytt år!

Med vennleg helsing
Astrid J. Eidsvik



Forsida:
Olav Aasen vart livstrugande sjuk i august i år. No takkar han sjukehuset i Volda, sjukehuset i Ålesund og Mørk Rehabiliteringssenter for god behandling. Fire Thai-lykter er hans måte å vise takksemnd på.
Foto: Møre / Ingrid Hesjedalen

Strategi for Helse Sunnmøre: – Kvalitet

Forskning og opplæring av pasientar og pårørande vil mellom anna få ein større plass i helseføretaka i framtida. Anny Sønderland skal ta den kompliserte organisasjonen nærare i augesyn når Helse Sunnmøre no legg ein berekraftig slagplan for framtida.

– Med stadig aukande krav til kvalitet og effektivitet i helsetilbodet, parallelt med nye oppgåver frå helsestyresmaktene, er det mange delmål og eit utal vurderingar som må takast med på vegen mot helsetilbodet på Sunnmøre i framtida. Men samstundes er dette ei oppgåve eg gler meg til å ta fatt på. Det verkar som det er mykje positivitet og samarbeidsånd mellom dei tilsette i Helse Sunnmøre, noko som er eit godt utgangspunkt for vidareutvikling, seier Anny Sønderland. Sidan august i år har ho vore tilsett som seniorrådgivar i Helse Sunnmøre, og skal rette innsatsen mot ein ny strategi for helseføretaket, som peikar ut kursen for helsetilbodet på Sunnmøre i framtida.

Helse og heilskap

Anny Sønderland er opphavleg statsvitar, og har jobba innan forvaltning, leiing og planlegging på fylkesnivå i Møre og Romsdal i ei årrekke. Ho har særleg erfaring frå helsesektoren og har også arbeidd med modernisering og omstilling i kommunane.

– Det er ikkje slik at eg no har teke på meg ein jobb for ein arbeidsgivar der strategi, mål og visjonar er heilt framande omgrep – slikt har Helse Sunnmøre drive med lenge. Men å opprette ei eiga stilling for dette føremålet viser at leiinga i føretaket ynskjer eit betre styringsreiskap på vegen vidare. Styret for Helse Sunnmøre er også svært oppteke av dette. No skal ulike delmål og trådar samlast, seier Anny Sønderland. Målet er å ha klart eit høyringsutkast hausten 2009.

No, og lenger fram

Anny Sønderland er oppteken av å ha eit langsiktig perspektiv på strategiarbeidet. – Kva utfordringar står vi overfor 10-15 år fram i tid? Kva må vi til dømes gjere når talet på eldre aukar? Kva bør vi satse særskilt på? Felles forståing av utfordringane og diskusjon om spørsmål som dette blir viktig. Sjølve planen skal gjelde for perioden 2010-2015. – Samstundes må vi ta utgangspunkt i dagens utfordringar og dei erfaringar tilsette, pasientar og andre sentrale aktørar har. Vi vil bruke tid på å få innspel. Alle tilsette kan også ta direkte kontakt – adressa finn ein på intranett der det er eit eige område for strategiarbeidet. Føringar frå regionalt nivå og frå sentrale styresmakter er også viktige å ta omsyn til. Det blir ein utfordrande, men spennande prosess å få ting til å henge saman, sjå heilskapen men også dei små, men viktige detaljane, seier strategitvinklaren.

Frå føringar til kvardag

Eit hovudpoeng med strategiarbeidet blir altså å forme om dei overbyggande retningslinene frå helsestyresmaktene til praksis og gjennomføring lokalt i Helse Sunnmøre.

– Dei tilsette veit kva som er utfordringa i kvardagen, dei møter pasientane, kjenner organisasjonen og dei faglege utfordringane. Skal vi lykkast med å nå sentrale mål og få til dei nødvendige omstillingane er medverknad frå dei tilsette heilt nødvendig, poengterer Sønderland.

skal vere styrande

Styring mot kvalitet

– Vi er svært opptekne av kvaliteten i helsetenesta, sett frå ein helsefagleg ståstad og slik kvalitetskrava blir definerte av styresmaktene. Dette inkluderer også kva befolkninga og pasientane meiner.

Nettopp pasientar og deira pårørande vil få større merksemd i helseføretaka, gjennom auka vektlegging av brukarmedverknad og opplæring av pasientar og pårørande.

– Forsking, likeverd og samhandling er andre nøkkelord. Det blir forventa at vi er ein lærande organisasjon, og pasientane får likeverdige og heilskaplege tilbod. Dette er ikkje noko nytt, og vi er godt i gang på mange område. Her kan vi trekke fram pasientforløpsprosjektet og samhandlingsavtalen med kommunane. Strategiarbeidet skal også ha fokus på dette, seier Sønderland.

– Fleire funksjonar og nye krav gir både organisatoriske og økonomiske utfordringar. Sjølv om krava til effektiv ressursbruk og god økonomistyring framleis vil stå sentralt, så skal det overordna målet om kvalitet i helsetenesta vere styrande. Heldigvis er det ikkje nødvendigvis motsetnad mellom god kvalitet og effektiv drift. Vi må prøve å få til begge delar, men stram økonomi er ei utfordring.

Lagspel mot rett mål

"På lag med deg for helsa di", samanfattar med få ord den brukarorienterte haldninga som skal gjennomsyre Helse Midt-Norge. Respekt, kvalitet og tryggleik er andre omgrep som definerer dei sentrale verdiane for helsetenesta i landsdelen.

– Strategiutvikling er ein kontinuerleg prosess, der justering av kurs med jamne mellomrom vil vere naudsynt for å ta hand om nye oppgåver, nye rammeføresetnadar og endringar. Gjennom strategiarbeidet håpar vi at vi skal kunne vidareutvikle oss, og slik vere best mogleg førebudd på dei utfordringane som kjem, avsluttar Anny Sønderland.

Tekst: Kristian Ryland

Foto: Anbjørn Holme

Anny Sønderland har ansvar for å utarbeide strategien til Helse Sunnmøre for den neste femårsperioden.

... PORTRÉTT

På Ålesund sjukehus er Noralv Breivik kjend for sin einestående innsats i oppbygginga av Seksjon for barnehabilitering.



Namn:
Noralv Breivik
Alder: 65 år
Stilling:
Pensjonist
Sivilstatus: Gift
Aktuell: Nyleg pensjonert frå stillinga som seksjonsoverlege ved Seksjon for habilitering

” Det har vore spanande og interessant å få fylgje menneske tett gjennom fleire år.

Ein nestor innan barnehabilitering

Noralv Breivik vart nyleg pensjonert frå jobben som seksjonsoverlege ved barnehabiliteringa på sjukehuset i Ålesund. Ei lang og innhaldsrik karriere er over, men å slutte heilt i jobben, det klarar han ikkje – heldigvis.

Noralv Breivik er eit engasjert menneske. Han likar å vere i sosiale samanhengar og interesserer seg for sine omgjevnader. Ikkje minst har han godt lag med born. På Ålesund sjukehus er han kjend for sin eineståande innsats i oppbygginga av seksjon for barnehabilitering. I perioden 1990-96 var han dessutan avdelingsoverlege for barneavdelinga. – Eg har alltid vore internasjonalt interessert og sosialt engasjert, seier 65-åringen. Dette er noko heile karrieren hans har bore preg av.

Drog til Botswana

Breivik har ein lang og innhaldsrik karriere å sjå tilbake på. I 1969 graduerte han som cand.med ved Universitetet i Oslo. Spesialiseringa si har han tatt innan barnesjukdomar. Han har også subspesialisering i barnenevrologi og habilitering. – I starten av karrieren var eg usikker på kva eg skulle spesialisere meg i. Ein periode arbeidde eg med indremedisin og seinare kirurgi. Deretter drog kona mi og eg til Botswana for å jobbe for Fredskorpset, seier Breivik. Desse åra frå 1975-78 ser han tilbake på som ei utruleg spanande tid.

At Breivik skulle hamne på Sunnmøre var heilt tilfeldig. Sjølv er han frå Karmøy utanfor Haugesund og korkje han eller kona har tilknytning til nordvestlandet. Etter å ha jobba i fleire år ved Rikshospitalet, fekk han tilslag på ei ledig stilling på Ålesund sjukehus. Dermed flytta familien vestover. – Ålesund er ein god plass å bu. For det fyrste er naturen her utruleg vakker. Dessutan har det vore ein bra stad å vekse opp for mine to born. Ettersom kona mi er farmasøyt har det også vore arbeid for begge her, seier Breivik.

Heidra av kollegaene

I tilknytning til avgangen har Breivik fått mange gode ord frå kollegaene sine. På avdelingsrådsmøte onsdag 12. november var det stelt i stand ei markering for å heidre han. Avdelingssjef på barneavdelinga Ove Økland framheva den sentrale rolla Breivik har hatt på sitt fagfelt. – Breiviks mangeårige arbeid innan barnehabilitering har gjort han til ein nestor på feltet i Norge. Han er ein svært allsidig fagperson. Breivik er dessutan utadvent og sosial, seier Økland som er godt nøgd med at Breivik vil vere ein del av avdelinga ei stund til. Dette sikrar kontinuiteten på avdelinga og er viktig for opplæringa av dei nye kreftene som skal overta Breiviks arbeid.

– Er det vemodig å pensjonere seg?

Breivik nøler litt før han svarer.

– Ikkje veldig. Eg må innsjå at slik er det. Eg har i lang tid fått vere ein del av eit veldig bra kollegialt miljø. For meg har dette vore ei svært spanande og interessant tid.

Med frå starten

– Kvifor begynte du å jobbe med barnehabilitering?

– Eg såg det som ei utfordring å vere med å utvikle og etablere noko frå grunnen. Dessutan hadde eg god erfaring innafor feltet – med både spesialisering innan barnesjukdomar og interesse barnenevrologi.

Ved oppstarten av habiliteringa i 1986 var dei berre tre fagpersonar. Både avdelinga og habiliteringsarbeidet har vore gjennom ei rivande utvikling sidan den gong. I dag har barnehabiliteringa ein arbeidsstokk på over tjue personar.

– Mykje har også skjedd innanfor faget. Vi har fått mange nye diagnostiske undersøkingar, mellom anna MR-undersøkingar og genetiske undersøkingar som gjer det mogleg å kome fram til sikre diagnoser, seier Breivik. Han fortel vidare om store framskritt innan behandling av epilepsi og cerebral parese.

Men det er ikkje all utvikling han er like nøgd med.

– Eg opplever at ein i våre dagar snakkar mindre om haldningar og kvalitetar. Fokuset er stadig meir retta mot økonomiske ressursar, dokumentasjon og registrering i datasystem. Mykje av dette har lite å bety for pasientane våre.

Han legg til at når ein jobbar med funksjonshemma born, kjem ein også mykje i kontakt med foreldra deira. I politiske og økonomiske samanhengar blir det ofte fokusert på at pasientgruppa får for lite hjelp og behandling.

– Eg synest samfunnet i for liten grad er til hjelp og støtte for familiane. Det er eit enormt arbeid og ein formidabel innsats foreldra legg ned, seier Breivik.

Førsteklasses kontinuitet

Pasientgruppa eg jobbar med har lidingar som er livsvarige. I arbeidet har eg fått brukt meg sjølv både fagleg og menneskeleg.

– Det har vore spanande og interessant å få fylgje menneske tett gjennom fleire år. Eg vil også leggje til at vi på habiliteringsseksjonen har kunna tilby

pasientane våre ein ualminneleg god kontinuitet. To av Breiviks kollegaer har vore ved seksjonen heilt sidan starten. Han fortel at barnehabiliteringa no har knytt til seg nye dyktige krefter. Han skal arbeide to dagar i veka, mellom anna for å støtte nye legar som no tar over. På denne måten kan avdelinga gjere nytte av Breiviks kompetanse og sikre kontinuitet på avdelinga i ein overgangsfase. Han er glad for at han framleis får halde kontakten med miljøet på avdelinga.

Internasjonalt engasjement

Breiviks internasjonale engasjement har også prega arbeidet ved seksjonen. I 2003 var han med å innleie eit samarbeid med ein organisasjon på Sri Lanka med namn Kilionochchi Association for Rehabilitation of the Disabled. Denne grasrotorganisasjonen arbeider med rehabilitering for funksjonshemma i eit område som no er kontrollert av dei tamilske tigrane.

– Eg vitja organisasjonen på Sri Lanka i både 2003 og 2005. Noko av det som fascinerte meg mest var kor mykje dei fekk til med dei få ressursane dei rådde over.

Samarbeidet vart til eit utvekslingsprosjekt som innebar at to frå Kilionochchi-organisasjonen arbeidde eit år på barnehabiliteringa i Ålesund. Diverre stogga prosjektet då krigen braut ut på Sri Lanka, slik at ingen frå Ålesund kunne reise dit.

Ikkje arbeidsledig

I tida på sjukehuset i Ålesund har Breivik vore med på fleire artiklar og studiar. Studiane har omhandla cerebral parese og epilepsi. Seinast i september hadde Breivik ein artikkel i "Tidsskrift for Den norske legeförening". Denne studien omhandla epilepsi hos born på Sunnmøre.

Sjølv om Breivik no går av med pensjon, er det ikkje noko stillesitjande latmannsliv som ventar. Tida vil han mellom anna bruke på å gå turar og engasjere seg i den lokale lionsklubben.

– Eg har dessutan arva ei gamal hytte i Skjold utanfor Haugesund. Der er det mykje arbeid å ta tak i. Eg blir i alle fall ikkje arbeidsledig, avsluttar Breivik.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Pasientflytprosjektet: ● Mykje positiv ● respons

Pasientflytprosjektet har no vart i eit år. Arbeidet med å standardisere pasientstraumane på utvalde pasientgrupper ser allereie ut til å gi gode resultat.

Sjukehusa har vakse til å bli store og kompliserte organisasjonar. Dette stiller økte krav til samordning og standardisering.

– I pasientflytprosjektet har vi valt ut enkelte pasientforløp og standardisert desse. Gjennom ulike pilotprosjekt fått har vi testa kva dette inneber. Av desse prosjekta har lungekreftprosjektet kome lengst. Her er standardiseringa av pasientforløpet implementert. Administrerande direktør i Helse Sunnmøre fekk nyleg skryt frå ein svært nøgd primærlege. Vi ser no at arbeidet gjev resultat, seier fagdirektør Odd Veddeng. Pasientflytprosjektet ved Helse Sunnmøre er ein kvalitetsreform. Målet er å bygge logiske og velfungerande behandlinglinjer med pasienten i fokus. Pasienten som kjem til sjukehuset skal møte ein profesjonell og informert organisasjon – eit sjukehus som har ein plan.

**Tekst og foto:
Anbjørn Holme**

– Vi ser no at arbeidet gjev resultat, seier fagdirektør Odd Veddeng.



Har ha

Urologiprojektet knytt til menn med obstruktive vannlatingsplagar starta sist vinter. Dette var blant dei tre fyrste prosjekta som blei satt i gang i pasientflytprosjektet. Forløpet for pasientgruppa har blitt både meir standardisert og ryddig.

Vanskeleg avgrensing

– Noko av det mest utfordrande i prosjektet var å avgrense kva for ei pasientgruppe som kunne brukast når pasientforløpet skulle standardiserast. Valet var avhengig av at pasientgruppa for standardisering hadde liknande plagar, og at det var eit visst volum i antall, seier urolog Valborg Bakke. Til slutt valde dei diagnosegruppa "menn med obstruktive vannlatingsplagar", avgrensa til dei som hadde plagar av antatt benign årsak (red.anm benign betyr godarta, altså ikkje kreft). Prosjektet handla i starten om å kartlegge korleis arbeidsoppgåvene føregjekk frå tilvising var motteken på sjukehuset til behandling vart starta. På bakgrunn av kartlegginga kom det fram forslag på korleis prosessen kunne betrast, og i august blei fleire tiltak sett i verk.

Betre flyt internt

Urologiprojektet har gjort at innkallingsrutinane har blitt smidigare.

Vil betre hoftebrotsbehandlinga

På Volda sjukehus er det starta eit nytt prosjekt som omhandlar hoftebrotspatientane. Målet er å få eit betre behandlingssopplegg, samt å gjere pasientstraumen meir smidig.

Hoftebrotsprosjektet i Volda er enno i ein tidleg fase. Til no har ein kartlagt dei interne rutinane som gjeld mens pasienten er på sjukehuset. Det har kome mange gode idear til både sikring og betring av kvaliteten. Dette gjeld også standardisering av behandlingrutinar. Prosjektet søkjer å lage ein fagleg standard for heile pasientforløpet til pasientar med hoftebrot. Pasientane skal få same behandling, uavhengig av kven som er på jobb eller når dei kjem.


Ofte følgeplager

Pasientgruppa i hoftebrotsprosjektet er stor. Kvart år behandlar Volda sjukehus omlag 100

pasientar av denne typen. Det utgjør ca 800 liggedøgn. Pasientgruppa består av mange eldre menneske. Ofte har dei også andre følgeplager.

– I prosjektet legg vi vekt på å gje pasientane riktig behandling som igjen skal følgjast opp gjennom rehabilitering i kommunen, seier overlege på kirurgisk avdeling i Volda Gunnar Dagslott. Han er medisinskfagleg ansvarleg på kirurgisk avdeling. Den nye standardiserte behandlingmetoden for pasientgruppa inneber mellom anna å sette inn hemiprotese i hofta i staden for å bruke skruer. Dette vil spare pasientane for mykje trøbbel og motverke nye innleggingar på sjukehuset.

usta gode erfaringar



**SunnMøring møtte (f.v.)
prosessrettleiar Torunn
Olsen, uroterapeut
Magnhild Hjelmeland og
urolog Valborg Bakke for
å høyre deira erfaringar
med urologiprojektet.**

Utfordringar vidare

Sjølv om prosjektet no er ferdig, bortsett frå ein del målingar av resultat som skal gjerast på nyåret, ser ein klart områder som må arbeidast vidare med.

I prosjektet vart det gjort ei analyse av kvaliteten på tilvisingane. Mange tilvisingar viste seg å vere mangelfulle. Det ville vere ønskeleg å få til ein betre kommunikasjon med fastlegane. Spesialistane si vurdering av tilvisingane vart også analysert. Det viste seg at tilvisingane ofte blei vurdert forskjellig frå spesialist til spesialist.

Helsedirektoratet har nyleg utarbeidd ei rettleiing for korleis tilvisingane skal vurderast. Denne rettleiinga er brukt i urologiprojektet. Standardiseringa gjev grunnlag for meir lik vurdering.

- Vi har hatt fokus på forbetringar som også kjem andre pasientar til gode enn dei som er med i prosjektet. Det er viktig at standardforløpet ikkje er med å favorisere denne typen pasientar, slik at pasientar med meir alvorlege diagnosar hamner bak i køen, seier Bakke.

- Det har vore ei utfordring å vere tidlig ute med pasientflytprosjekt, men vi har vore svært heldig og fått god hjelp av prosessrettleiar Torunn Olsen.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Flytting av arbeidsoppgåver frå uroterapeuten til helsesekretæren, har frigitt tid til uroterapeutane.

- Prosjektet har gjort at vi har fått eit ryddigare pasientforløp og ein får utnytta uroterapeutressursen på ein betre måte, seier uroterapeut Magnhild Hjelmeland.

Ei tredje forbetring er opprettinga av faste møte mellom uroterapeut og urolog. Her kan uroterapeuten drøfte pasientar som treng undersøkingar som går utover standarden som er lagt. Målet er at pasienten ikkje skal trenge meir enn eitt møte med urolog for å få avklart type behandling.

Betre samarbeid

- Ein viktig del av hoftebrotsprosjektet går på å få pasientane raskare frå sjukehuset og over i rehabiliteringsopplegg i kommunen. Dette vil hindre unødig ventetid for pasientane og hindre at senger blir blokkerte, seier Dagslott.

Han fortel vidare at eit betre samarbeid med kommunehelsetenesta er avgjerande for å få dette til. Målet er å gjere overleveringa av pasientar mellom sjukehus og kommune betre.

- Vi forventar at pasientflytprosjektet vil vere med på å heve kvaliteten på behandlinga, samtidig som pasientflyten blir betre, avsluttar Dagslott.

Tekst: Anbjørn Holme

Foto: Jon Inge Vinjevoll



**Gunnar Dagslott forventar
at pasientflytprosjektet
vil vere med på å
heve kvaliteten på
hoftebrotsbehandlinga.**

Gravide i Helse Sunnmøre

- tar magen med på jobb

I fjor vår sette Helse Sunnmøre i gong eit prosjekt med tanke på systematisk og tett oppfølging av gravide tilsette. Målet er å gjere det mogleg for gravide å vere i arbeid lenger. Prosjektet har så langt vore ein suksess.

Helse Sunnmøre har nesten 1500 kvinnelege arbeidstakarar. 500 av desse er mellom 20 og 40 år. Til ei kvar tid er det om lag 36 gravide kvinner i føretaket. Frå 1. februar 2008 og ut 2009 skal alle gravide tilsette få oppfølging av næraste leiar og prosjektjordmor gjennom tre trekantsamtalar i løpet av svangerskapet.

- Vi ønskjar å etablere ein personalpolitikk som gjer at gravide tilsette får høve til å stå lenger i arbeid. Sjukefråværestal på nasjonalt plan viser at mange blir sjukemelde tidlig i svangerskapet, så her er det eit potensiale for tilrettelegging for å halde folk lenger i arbeid. Målet vårt er også å medverke til kunnskap for tilrettelegging for arbeidstakarane generelt. Vi håper at tilrettelegginga for gravide gir ein synergieffekt for andre som treng tilrettelegging på arbeidsplassen, seier Trude Fjærli Giskås, som er leiar for prosjektet. Ho er til daglig personalrådgjevar i Helse Sunnmøre.

Prosjektjordmor gir tryggleik

Prosjektet finansierer ei prosjektjordmor i 20% stilling. Når ein tilsett gir beskjed til næraste leiar om graviditet, kontaktar næraste leiar umiddelbart prosjektjordmor for å avtale fyrste trekantsamtale. I trekantsamtalen utarbeider ein i fellesskap oppfølgingsplan.

- Det er ikkje snakk om tradisjonell svangerskapsomsorg. Saman med leiar og den gravide kartlegg prosjektjordmor kva arbeidsoppgåver den gravide kan utføre og kva for arbeidsoppgåver som er eller kan verte vanskelege. Det avklarast også kva for miljøfaktorar den gravide ikkje skal utsettast for og kva tilrettelegging avdelinga kan tilby. Prosjektjordmor kan og seie om ein kan ha rett på svangerskapspengar i staden for å verte sjukmeldt, seier Fjærli Giskås. Ho understrekar at denne kartlegginga skal auke tryggleiken til dei gravide, slik at dei unngår unødig bekymring.



Prosjektleiar Trude Fjærli Giskås er svært nøgd med prosjektet "Gravid i Helse Sunnmøre - Ta magen med på jobb".

Populære lunsjmøte

Lunsjmøta er eit tiltak som har blitt ein viktig del av satsinga. Kvar månad inviterer Fjærli Giskås til lunsjmøte for gravide tilsette.

- Her legg vi opp til erfaringsutveksling og fagleg input om mellom anna fysisk aktivitet i svangerskapet, kroppsendingar, rettar i forhold til foreldrepenngar og permisjonsrettar og andre ting som opptek gravide, fortel ho. Lunsjmøta har blitt så populære at Fjærli Giskås håper at det er noko dei kan forsette med framover.

Gode erfaringar

Så langt har 56 gravide vore med i prosjektet, og Fjærli Giskås fortel at dei har hausta gode erfaringar frå tilretteleggingsarbeidet.

- Eg er godt nøgd med prosjektet. Tilbakemeldingane frå leiarane har vore positive til tross for at prosjektet i enkelte saker har medført meir arbeid for dei. Leiarane har fått god oppdatering i høve til regelverk. Dei set pris på å ha gjennomgangar i høve til risikovurderingar i arbeidslivet i tillegg til den faglege støtta frå jordmora, seier ho.

Dei gravide er også svært positive.

- Dei fortel at dei følar seg møtt med sine behov, og dei erfarer ei holdningsending hos både leiarar og kollegarar. Gjennomgang av miljøfaktorar er og med å dempe bekymring rundt risiko, seier ho.

Vil fortsette

Helse Sunnmøre ønskjer å fortsette med prosjektet også etter at prøveperioden på to år er over.

- Vi ser at tilretteleggingsarbeidet er eit nyttig verktøy som inkluderer den gravide på ein nyttig måte. Målet er at prosjektet skal forankre seg i organisasjonen. Det er uklart om vi får midlar til å halde ei prosjektjordmor på 20%. I tillegg til tryggleik og ivaretaking av den gravide må vi og vise til ei økonomisk nytteverdi av prosjektet. Vi har bestemt at dette skal vi få til, så eg har stor tru på framtida, smiler Fjærli Giskås.

**Tekst: Janne Rosenberg
Foto: Anbjørn Holme**

Fakta/Gravid i Helse Sunnmøre - Ta magen med på jobb

- Samarbeid mellom Helse Sunnmøre, NAV Arbeidslivssenter og KLP.
- Skal etablere ein personalpolitikk som gjer at gravide tilsette står lenger i arbeid.
- Medverke til større medvit om tilrettelegging for arbeidstakarar generelt.
- Avdelingsjefen/fagjordmor på Kvinneklubben, to prosjektjordmødrer, hovudverneombod, hovudtillitsvald og representantar frå bedriftshelsetenesta og NAV arbeidslivssenter deltek i prosjektgruppa

05515

- Nytt telefonnummer
for Pasienttransport

26. november innførte Helse Midt-Norge nytt fellesnummer til kontoret for pasienttransport i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal.

- Ordninga skal gi oss meir fleksible løysingar, som å vidarekople samtaler direkte til enkelte kommunar eller å ta telefonen for kvarandre. Dette skal gi brukaren betre service og likare behandling uansett kvar han er i regionen. Det er også ein fordel at brukaren no har eit felles nummer å forhalde seg til, seier logistikkoordinator ved Kontoret for Pasienttransport Per Espen Soleim.

Nasjonalt nummer gir betre service

Den som ringjer 05515, kjem automatisk til det lokale kontoret for pasienttransport i det fylket ein ringjer frå, enten ein ringjer frå fasttelefon eller mobiltelefon.

- Brukaren vil i dei fleste tilfelle ikkje merke anna endring enn å måtte ringje eit anna nummer. I nokre tilfelle vil dei komme til eit anna kontor, men servicen skal vera lik, seier Soleim. Den som ringjer det gamle nummeret den første tida etter 26. november, vil få ein beskjed om at Pasienttransport har fått nytt nummer.

På sikt er det meininga at 05515 skal bli eit nasjonalt nummer, og brukaren blir automatisk sett over til riktig kontor.



Volda - Ålesund - Molde
Kristiansund kvar time

TIMEkspressen
www.timekspressen.no

BIRKENSTOCK®

Made in Germany • Tradition seit 1774

Skoen som gir det få andre
sko kan gi...

KVALITET, DESIGN OG KOMFORT

Boston skinn, str. 35-50



Arizona skinn, str. 35-50



= SMAL LEST



= NORMAL LEST



= MYK FOTSENG

- PERSONLIG SERVICE
- FAGKUNNSKAP

ÅPNINGSTIDER: Mandag, Onsdag og Fredag 11 - 17,
Tirsdag 13 - 17, Torsdag 11 - 18, Lørdag 11 - 16,

**STELLA
DESIGN**
Anne Schmedling

Keiser Wilhelmsgt. 36, 6003 Ålesund
Tlf. 92 88 77 46
post@stelladesign.no

Tek fagbrev på sjukehuset

Visste du at Helse Sunnmøre har fire kokkelærlingar på sjukehuset i Volda og Ålesund? Der jobbar dei i to år før dei tek fagprøva, og erfaringar med lærlingane er eine og aleine positive, kan kjøkensjefen fortelje.

– Hos oss får dei ei allsidig opplæring før dei tek eksamen, og det går stor sett greitt. Men det er viktig at vi legg til rette for at dei ynskjer å halde fram med å jobbe hos oss etter at læretida er over, seier kjøkensjef Jan Arne Hove (bilete).

Alle delar like viktige

Læreordninga for institusjonskokkar skjer i samarbeid med opplæringskontoret i Molde. Dei går gjennom ulike fasar, som til dømes fisk, kjøtt, baking og grønsaker. Dei må bestå alle fasar for å kunne ta fagprøva. I den praktiske kvardagen på kjøkenet jobbar dei på alle dei ulike stasjonane: varmtkjøken, kaldtkjøken, kantine, diett og oppvask. – Deira viktigaste oppgåve er å lære å lage til mat. Vi vektlegg at dei skal innom alle stasjonane for å sjå at alle delar er like viktige på eit kjøken, seier Hove.

God mat med lite pengar

– Dei skal i all hovudsak lære å lage til mat, der den største skilnaden frå andre kjøken er at du lærer å lage spesialtilpassa mat som er i høve til diett, mjølkeintoleranse, allergiar og lågt feittinnhald. Eit sjukehuskjøken har òg eit avgrensa kronebeløp per gjest, til skilnad frå hotell- og restaurantbransjen der gjesten vel prisen. Produktet blir sjølvsagt annleis når ein må halde seg til eit stramt budsjett, fortel Hove. Dette trur kjøkensjefen berre er positivt at dei unge kokkane får erfare. – Møtet mellom kvalitet og kostnadar er noko du vil støyte på i alle jobbar, held han fram.

Må ta godt vare på dei

Hove sine erfaringar med lærlingane er eine og aleine positive. Det einaste sjukehuskantina slit med, er rekrutteringa. Færre og færre vil utdanne seg til kokkar – ein generell trend i heile landet. I førre runde fekk sjukehuset ingen søkjarar, og dei måtte i staden ty til annonsering for å få nye lærlingar på plass. – Det er ei utfordring for oss. Difor er vi opptekne av å ta godt vare på dei lærlingane som finn plassen sin på sjukehuset i Volda og Ålesund. Vi veit vi kan tilby ei god opplæring, fordi vi ser på lærlingane som meir enn to ekstra hender. Dei er personar som kan utvikle drifta i ei positiv retning.

**Tekst: Kristine Gabrielsen
Foto: Carina Gissegjerde**

Læreri og utfordrande

Den 23. september bestod Camilla Slemmen fagprøva som institusjonskokk. Tida som lærling på storkjøkenet på Ålesund sjukehus beskriv ho som ei lærerik og god tid.

– Eg har vore stasjonert på alle poster på sjukehuskjøkenet. Eg har arbeidd både i varmtkjøkenet, på kaldtkjøkenet og i kantina. Dessutan har eg vore med i oppvasken. Der er eg stasjonert i dag, seier Camilla.

Ho er godt nøgd med opplegget. I byrjinga av læretida fekk ho utdelt ein arbeidsplan og ei lang liste med matrettar ein måtte kunne lage når ein skal ta fagprøva. På sjukehuskjøkenet er det Peder Roseth som har vore ansvarleg for å følgje opp Camilla. Camilla skryt av han fordi han heile vegen har vore flink til å skaffe dei nødvendige råvarene.

Ho er dessutan godt nøgd med måten ho er blitt motteken på av sine arbeidskollegaer.

– Det er mange trivelige folk her. Eg storkosar meg.

Tysdag 23. september tok Camilla fagprøva. Dette var ein lang og krevjande dag der ho blei prøvd både praktisk og teoretisk i kokkefaget

– Då eg var ferdig og visste at eg hadde klart det var eg var både stressa, sliten og veldig glad. Ei ubeskriveleg og fantastisk kjensle, avsluttar Camilla.

Tekst og foto: Anbjørn Holme



Marita Trandal trivst godt i arbeidsmiljøet på kjøkenet på sjukehuset i Volda.





Tida som lærling på institusjonskjøkenet på Ålesund sjukehus har vore både lærerik og kjekk for Camilla Slemmen.

Kjøttkaker til heile sjukehuset

Marita Trandal (21) bestod fagprøva med glans. No jobbar ho fulltid på same kjøken og trivst godt i ein hektisk kvardag.

- Det er ein travel jobb, spesielt når eg må lage kjøttkaker til heile sjukehuset, ler Marita over grytene inne på kjøkenet. I september tok tjueinåringen fagprøva i institusjonskokkefaget på Volda sjukehus, og no jobbar ho der som vikar på heiltid fram til mars neste år.

Hjelper kvarandre

- Klart, fokuset på fagprøva var der heile tida, men eg blei teken godt imot som lærling. Eg likte godt at vi fekk moglegheit til å øve oss på ting vi trong å kunne til fagprøva, slik som å partere eller filetere, og at vi fekk prøve oss på alle stasjonane, fortel Marita.

Den toårige læretida opplevde ho som ei fin tid.

- Eg likte godt at vi var to lærlingar saman på kjøkenet. Då kunne vi hjelpe kvarandre og kome med tips og råd. Andre ting ho dreg fram, er det gode arbeidsmiljøet, samt storleiken på arbeidsplassen som ho synest er passe stor. Men når ho skal velje den artigaste retten å lage, nøler ho litt før ho svarar:

- Eg tykkjer all mat er spennande å lage, men biff stroganoff er ekstra stas, smiler ho.

Tekst: Kristine Gabrielsen

Foto: Anbjørn Holme

- ✧ Glassblåseri med utsalg av kunstglass
- ✧ Utdrkningslag
- ✧ Bryllupsgaver, dåpsgaver
- ✧ Omvisning
- ✧ besøk av kunstklubber
- ✧ Personalfester med mat og glassblåsing



Åpent: mandag-fredag 10-17.00
Lørdag 10-15.00

Tel.+47 70 12 53 77
Tel.+47 47 41 63 71

Moloveien 15
N-6004 Ålesund

www.ingridsglassverksted.no



Ålesund Sjukehus,
0626 Ålesund
Telefon: 70 10 66 00
Fax: 70 14 38 32
Åpningstider:
Mandag - Fredag
kl. 09-16,
lørdag kl. 09-13

**I romjula har vi åpent
kl. 09.00-15.00
(mand.-tirsd.)
Julaften og Nyttårsaften
har vi åpent kl. 09.00-12.00**

**VELKOMMEN TIL EN
HYGGELIG HANDEL**

**Sykehusapoteket, litt
mer
enn et vanlig apotek**



Vi ønsker alle våre kunder
God Jul og Godt Nyttår!



SYKEHUSAPOTEKENE I MIDT-NORGE
Sjukehusapoteket i Ålesund

No har vi vaska golvet...

Julestrida starta tidleg på Åse hotell i år. Frå november har personalet vaska både golv, tak, vegger, dyner og sengeteppe. Full nedvask med andre ord – og alle dei tilsette er med.

Det var dei fire reinhaldarane ved pasienthotellet i Ålesund som tok initiativet til eit ekstra krafttak før jul. Sidan midten av november har dei tilsette pussa og skrubba. Arbeidet er hardt, men gevinsten god – eit skinnande reint hotell til jul.

Eigeforhold til hotellet

– Vi liker å ha det reint og koseleg rundt oss. Dette skal vere ein heim for dei som bur her over lang tid, seier hotellsjef Marie Gamlem. Ho kan ikkje få fullrost sine kollegaer nok for den gode innsatsen dei har lagt ned i førjulstida. Særleg reinhaldarane Turid Flisnes, Anita Stenberg, Silje Jacobsen og May Britt Nakken får skryt. – Arbeidsmiljøet på hotellet er svært godt. Vaskeprosjektet er med på å gjere det endå betre. Dei tilsette får eit eigeforhold til huset. Dessutan er arbeidet med på å sveise oss saman sosialt. Her har vi det moro, seier hotellsjefen entusiastisk. Ho fortel at arbeidsstokken på hotellet utgjer 15 personar – ein liten, men god arbeidsplass.

– Filosofien vår er at vi vaskar til det blir reint, seier May Britt Nakken. Ho er stuepike og reinhaldar med fagbrev. Nakken fortel at nedvasken har vore planlagt lenge på førehand. Arbeidet starta i midten av november slik at ein hadde god tid. Dermed slapp ein å gjere alt på ein gong. Julevaskinga er tross alt noko som blir gjort i tillegg til det vanlege arbeidet.

Økonomisk og miljøvennleg

Reinhaldarane har vore primus motor, men alle andre støtter opp. Vaskemaskinen har gått nærmast konstant i hotellets kjellar. I ei tid med stadig fokus på underskot på sjukehuset, framhever Gamlem nedvasken som eit godt økonomisk tiltak for sjukehuset. – Eg vil kalle dette inntening, ikkje sparing. Nedvaskprosjektet inneber ei inntening på om lag 50-60 000 kroner, seier Gamlem.

Hotellet har sett i gang ei rekkje både miljø-vennlege og økonomiske tiltak. For eksempel er det laga skilt på kvart rom som oppfordrar til å bruke handklede meir enn ein gong. Dette for å ta vare på miljøet. Dessutan vaskar dei tilsette vindauga på hotellet og gjer reinhaldet utanfor hotellet sjølve fortel Gamlem og Nakken.

Til slutt får dei det avgjerande spørsmålet.

– Blir det reint til jul?

– Ja det blir det, seier Gamlem og Nakken bestemt og ler.

Tekst og foto: Anbjørn Holme



Marie Gamlem er svært godt nøgd med innsatsen dei tilsette har vist i julevasken av hotellet.



- Utleie av 5 møblerte leiligheter på BjorlitUNET - 8 til 20 senger
- Internat for selvhushold
- Hotellrom
- Rimelige familierom
- Caravanplasser
- Salg av hytter

Velkommen til hele familien!

Kontakt Bjorliheimen

tlf. 61 24 55 61 / 926 17 973 - fax 61 24 55 54

e-post: jelehre@online.no / post@bjorliheimen.no

- Thai-lyktene er min måte å seie takk på
- i staden for blomar eller konfekt, seier Olav Aasen.



Viste takksemd med thai-lykter

Lyktene symboliserte sjukehuset i Ålesund, sjukehuset i Volda, Mork Rehabiliteringssenter og pasientane på desse stadene.

- Dette er min måte å vise takksemd for god behandling ved sjukehuset i Ålesund, sjukehuset i Volda og Mork Rehabiliteringssenter.

Tysdag 2. desember sendte Olav Aasen (71) opp fire såkalla thai-lykter på sunnmørshimmelen. Seansen skjedde utanfor Mork Rehabiliteringssenter. Dei fire lyktene symboliserte sjukehuset i Ålesund, sjukehuset i Volda, Mork Rehabiliteringssenter og pasientane på desse stadene.

-Olav Aasen blei alvorleg sjuk då han skulle opererast for farmslyng i august. Ein livstrugande dobbelsidig lungebetennelse gjorde at han blei liggjande i koma i om lag tre veker.
- Måten eg blei behandla på ved sjukehusa var framifrå. Eg hadde lite erfaring med sjukehus frå

tidlegare, men hadde høyrte mykje negativt om tilhøva i helse-Noreg. Overraskande var det derfor å erfare kor godt eg blei tatt vare på.

Aasen takkar spesielt Mork Rehabiliteringssenter der han var i 3 veker. Særleg nøgd er han med måten dei fekk han til å sjå at ein sjølv har ansvar for eiga helse.

- For å bli frisk må ein jobbe hardt på eiga hand, også etter at ein kjem heim frå behandlingsoffallet, seier den tidlegare idrettslæraren.

- Thai-lyktene er min måte å seie takk på - i staden for blomar eller konfekt, seier han. Thai-lyktene ser ut som ein sylindar av silkepapir. Ein brennar i botnen av lykta får ho til å stige, omtrent som ein varmluftsballong. I Thailand bruker ein lyktene både ved festlege og sørgjelege høgtider.

- Det er eit vakkert syn der dei stig sakte opp mot himmelen, seier Aasen. Tilskodarane på Mork den 2. desember kan skrive under på dette.

Text og foto: Anbjørn Holme



Foto: Møre / Ingrid Hesjadalen

Åtvarar mot ukritisk bruk av CT-angiografi

Dei seinare åra har det blitt mogleg å scanne blodårane i hjartet ved hjelp av CT-maskiner. I ein artikkel i Tidsskrift for Den norske legeforening, åtvarar Volda-legane Helge Ose Velle og Kristian Kolnes mot ukritisk bruk av metoden – men ikkje for all framtid.

Artikkelen i Tidsskrift for den Norske legeforening tek føre seg bruken av CT-angiografiundersøkingar ved sjukehuset i Volda. Då CT-maskinen i Volda var ny i 2002, var den ein av dei mest avanserte i landet. Maskinen er ein såkalla 16-snitts CT-maskin.

Påverka av rørsle

– Teknologien gjorde det for fyrste gong mogleg å ta gode bilete av blodårene som forsyner hjartemuskelen (red.anm. kransårene). Kvaliteten på bileta blir påverka av rørsle, mellom anna på grunn av hjarteslaga og respirasjon. Derfor må pasienten halde pusten når ein skal ta bilete, seier overlege på medisinsk avdeling Helge Ose Velle.

I Volda er det i snitt ein til to CT-angiografiundersøkingar av hjarte kvar veke. Den alternative undersøkningsforma til CT-angiografi er såkalla invasiv koronar angiografi, som blir gjort i Trondheim. Undersøkinga medfører at ein går inn med sonde i blodårene. Invasiv angiografi gir perfekte bilete, men ettersom det er eit invasivt inngrep, er det ein liten risiko for komplikasjonar.

Falske positive funn

Sjølv om det i dag finnast nyare og betre CT-maskinar, gjer maskinen på Volda sjukehus framleis ein god jobb.

– Kvaliteten på bileta er tilstrekkeleg god så lenge vi er flinke til å velje ut pasientar. Dårlige undersøkingar får ein dersom pasienten har høg eller uregelmessig puls, eller mykje kalk i årene. Dette kan føre til at ein får mange falske positive funn, seier Helge Ose Velle. Ved falske positive funn blir pasientane feilaktig sendt vidare til invasiv undersøking på St.Olavs Hospital. Dette fører til dobbel stråledose for pasienten og unødig bruk av ressursar for sjukehuset.

Høg stråledose gjer at CT-angiografi ikkje skal nyttast ukritisk. Slik situasjonen er i dag er stråledosa høgare ved bruk av CT, enn ved



bruk av invasiv undersøking. Høg stråledose ser likevel ikkje ut til å bli eit framtidig problem. På nye CT-maskiner ser stråledosa ut til være redusert omtrent til same nivå som ved invasive undersøkingar, seier Ose Velle. Han trur derfor at CT-undersøkingar vil bli stadig vanlegare i framtida.


Har styrka avdelinga

Forutan artikkelen i Tidsskriftet for Den norske legeforening, har Kolnes og Ose Velle også skrive fagartikkel i Acta Radiologica – eit internasjonalt tidsskrift for røntgenlegar. I si forskning har dei to Volda-legane vore i tett kontakt med fagmiljø på andre sjukehus i landet.

– Fokuset som har vore på hjarte-CT-undersøkingar på Volda sjukehus, har vore med på å styrke røntgenavdelinga også når det gjeld CT-undersøkingar generelt. Vi er ei avdeling med god kompetanse og høg fagleg standard, seier Kolnes. Han nemner spesielt at radiografane ved Volda sjukehus held høg standard.

Tekst: Anbjørn Holme

Volda-legane Kristian Kolnes og Helge Ose Velle har forska på bruken av CT-angiografiundersøkingar (sjå illustrasjon).



Illustrasjon: Anne Langdalen

Magasin for
Helse Sunnmøre

www.helse-sunnmore.no



**Redaktør/
kommunikasjonssjef:**

Solveig Moe Frøland
70 10 68 10 /
92 20 80 89
solveig.moe.froland@
helse-sunnmore.no



**Prosjektleder/
journalist:**

Anbjørn Holme
41 51 11 31

anbjorn.holme@cox.no



**Annonse-
konsulent:**

Marit Sola
55 54 08 06

marit.sola@cox.no

Nytilsette i Helse Sunnmøre

Henrik Huth Nielsen
Miljøterapeut ved
Mottaksseksjonen,
Vaksenpsykiatrisk avdeling

Evy Anita Reiten Erdal
Sjuepleiar Felles sengepost
Kirurgen 1/Øyre-nase-hals,
Kirurgisk avdeling

Solveig Roth Hoff
Nestleiar/Assisterande
avdelingssjef, Radiologisk
avdeling.

Marit Kristin Støylen
Spesialpsykolog ved
avdeling for Fysisk
medisin og rehabilitering

Liv Hilde Ruud
Intensivsjuepleiar ved
Kirurgisk intensivseksjon,
Anestesiavdelinga.

Rebecca Irene Saunes
Psykolog ved Psykiatrisk
poliklinikk – Vaksen-
psykiatrisk avdeling

Merete Helland Sørensen
Miljøarbeider ved
Mottaksseksjonen,
Vaksenpsykiatrisk avdeling.

Bente Helene Sæther
Sjuepleiar ved Spesial-
seksjonen, Vaksenpsykiatrisk
avdeling

**Cecilie Ramstad
Måseidvåg**
Assistent ved
Audiopedagogisk seksjon –
Øyre-nese-hals-avdelinga.

**Elisabeth Sunde
Heggstad**
Jordmor ved Føde/barsel-
seksjonen, Kvinneklinikken

Maria Rem Midtli
Sjuepleiar ved Medisinsk
post 1, Medisinsk avdeling.

Nadja Gill
Ortoptist ved
Augeavdelinga

Elisabeth Forberg
Intensivsjuepleiar ved
Kirurgisk intensivseksjon,
Anestesiavdelinga.

Inger Hanken Krogen
Sjuepleiar ved Medisinsk
post 1, Medisinsk avdeling
ved Ålesund sjukehus.
Beg. i fast st. 06.10.08.

Roger Magerholm
Maskinist ved
Allmennteknisk seksjon,
Serviceavdelinga

Sølvi Helen Sjøstad
Intensivsjuepleiar ved
Kirurgisk intensivseksjon,
Anestesiavdelinga.

Jenny Raftevoll
Sjuepleiar ved Forsterka
rehabiliteringsseksjon –
Vaksenpsykiatrisk avdeling.

Cathrin Urke Larsen
Sjuepleiar ved Medisinsk
post 2, Medisinsk avdeling
ved Ålesund sjukehus.

Hanne Tolaas
Assistent ved Driftsseksjonen
– Serviceavdelinga

Nedgang i talet på ventande til behandling i Helse Sunnmøre

I Helse Sunnmøre er det ein nedgang i talet på ventande til somatisk behandling pr 31. oktober. Også samanlikninga med fjoråret, er det ein liten nedgang.

Same tendens er det i talet på pasientar som har venta i meir enn 120 dagar. Pr. 31.oktober var det 2352 personar som hadde venta i meir enn 120 dagar på behandling. På same tidspunkt for eitt år sidan var det 2617 personar.

Også gjennomsnittleg ventetid er kortare enn tidlegare i haust. Volda sjukehus har den kortaste gjennomsnittlege ventetida i regionen med 53 dagar. Det er lite endring i talet på ventande over 1 år.

Det er no færre som ventar på barne- og ungdomspsykiatrisk behandling både i Volda og Ålesund.

Det er lite ending i tala for ventande til vaksenpsykiatrisk behandling og rusbehandling.

Ved Volda sjukehus er det pr 31. oktober ein nedgang i talet på ventande til kirurgisk/ortopedisk behandling - elles så er det små endringar.

Ved Ålesund sjukehus er det ein nedgang i talet på ventande til behandling i fagområda; fordøyingsjukdomar, hjertesjukdomar, endokrinologi, øyre-nase-hals og kjevekirurgi. Det er små endringar i dei andre fagområda.

Tekst: Geir Vikestrand

Gjennomsnittleg ventetid	31.des. 2006	31.des. 2007	31.aug. 2008	30.sept. 2008	30.okt. 2008
Helse Sunnmøre	94	108	116	-	95
Volda sjukehus	60	88	76	-	53
Ålesund sjukehus	98	110	122	110	101
Helse Nordmøre og Romsdal	84	97	118	112	114*
Helse Nord-Trøndelag	77	112	100	97	92
St. Olavs Hospital	110	117	120	114	110

* Tal for Kristiansund sjukehus manglar.

TOLKING

Tolkebestilling:
Tlf. 75 54 22 00 / 815 35 500

DØGNVAKT

NORICOM® NORD AS

Lokalkontor Ålesund
Tlf. 70 13 03 60 / 75 54 22 16

TOLKING - TILSTEDE OG TELEFON



LA DEG BEVEGE - INN I ET NYTT SPREKT ÅR

Tren er en lokal treningsenterkjede som tilbyr allsidig trening og sosialt samvær. Om du vil bevege deg til musikk på en av våre mange gruppetreningstimer, eller trene for deg selv på våre apparater er opp til deg selv. Kom igang med trening nå. I samarbeid med våre treningsveiledere finner vi et program som passer for deg.

Visste du at TREN tilbyr ansatte i Helse Sunnmøre gunstig treningsavtale?

- Vi byr på FRI etablering (Verdi kr. 800,-)
- Kr. 390,- pr. mnd ved minimum 12 måneders treningsavtale.

PS! TREN har også gunstige familieordninger. Helse Sunnmøre-ansatt slipper du noen ekstrakostnader for å koble på flere i familien. Barn / Ungdom må være fylt 15 år og kan være med på familieavtale til de fyller 21 år.

Ta med dokumentasjon i form av ID-kort eller lønsslipp så er du igang med treninga før du vet ordet av det. Fortsatt ikke helt bestemt deg? Klipp ut annonsen og ta den med til oss. Vi tilbyr deg gjerne en GRATIS prøvetime!

VELKOMMEN TIL OSS PÅ TREN!



TREN Moa, TREN Ålesund, TREN Sykkylven, TREN Volda
Telefon: 40 00 19 85, www.tren.no

